

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 14/22. Søknad frå Steinbergdalshytta om å få selja småviltkort for statsallmenningen jakta 2022

### Saksopplysing/vurdering:

Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad søker om å få selja jaktkort for småvilt i statsallmenningen, slik ho har gjort dei siste tre åra, jfr. fjellstyrevedtak i sak 27/19. Ho søker om at kortkvoten vert auka litt; tal todagarskort auka frå 5 til 10, tredagarskort auka frå 5 til 10, dagskort uendra (5). Ho grunngjev ynsket om auke med at tilbodet har vorte betre kjent etter kvart. Søknaden ligg ved.

Det vert opplyst i søknaden at korta vert selde som del av pakkar med overnatting på hytta, noko som og var intensjonen til fjellstyret då ordninga vart innførd. Då fjellstyret godkjende ordninga i 2019, vart det gjort på den måten at talet på kort selde gjennom hytta vart trekt frå det talet som vart lagt ut på Inatur. Det kan vera uheldig å redusera talet på tilgjengelege kort ytterlegare med å auka «kvoten» til hytta, med tanke på tilbodet til dei som har jakta her tidlegare år og som ynskjer å halda fram med det. Eg vil difor føreslå at ein eventuell auke av kvoten til hytta ikkje vert teken av det talet på kort som vert lagt ut gjennom Inatur.

Ordlyden i framleggget nedanfor er lik den som vart vedteken i tilsvarande saker i 2019 og -20, med unnatak av talet på kort, som er føreslede auka.

### Framlegg til vedtak:

Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad får disponera følgjande småviltjaktkort for sal til gjester på hytta hausten 2022:

- 5 dagskort
- 10 todagarskort
- 10 tredagarskort

Prisen som desse jaktkorta vert selde for må vera lik den kortprisen som er vedteken av fjellstyret. Oppgjer for korta skjer etter sesongen. Det vert ikkje gjeve provisjon av kortsalet. Innehavaren av hytta har ansvar for å sjå til at dei som kjøper jaktkort kan dokumentera at jegeravgifta er betalt, og at dei oppfyller kravet om busetjing i Noreg som gjeld for jakt på statsallmenning, jfr § 23 i Fjellova.

Fjellstyrekontoret, den 20.4.22

Harald Skjerdal



Aurland Fjellstyre

Aurland 28.3.22

Søknad om å få kjøpe jaktkort på statsallmenningen sesongen 2022

Steinbergdalshytta har de siste årene fått kjøpe en kvote på 5 jaktkort av hhv 1-dags, 2-dagers og 3-dagerskort for rypejakt på statsallmen. Jaktkortene har blitt videresolgt som en jaktpakke med overnatting på Steinbergdalshytta. Etter hvert som tilbudet har blitt kjent, har etterspørselen økt, særlig på 2- og 3-dagerskortene. (Pr nå er det allerede kommet ønske om 8 stk. 3-dagerskort for høsten 2022.)

Jeg søker derfor om at kvoten til Steinbergdalshytta blir utvidet til 5 stk 1-dagerskort, 10 stk 2-dagerskort og 10 stk 3-dagerskort.

Mange av jegerne som bor her er forholdsvis uerfarne, så en økning i antall jaktkort for salg gjennom Steinbergdalshytta vil ikke nødvendigvis gå så hard utover rypebestanden. 😊

Med håp om positivt svar

*Solveig Kvakestad*

Solveig Kvakestad

Daglig leder

Steinbergdalshytta